



Føreord

[Se video her.](#)

eller klikk på øverste bilde på forrige side

Dette er ei handbok i smart villaksforvaltning. Det handlar om kva elveeigarane kan gjere for å få meir villaks i elva, betre opplevingar for fiskarane og til sjuande og sist auka inntekter og verdiskaping langs vassdraget. Boka byggjer på erfaringar som Stiftinga Norsk Villaksforvaltning har hausta gjennom eit tett samarbeid med Nausta Elveeigarlag i Sunnfjord.

ELVA ER BÅDE FØDESTOVE OG BARNEHAGE for villaksen. Oppvekstvilkåra og forvaltninga av laksen i elva er heilt avgjerande for å ta vare på den avanserte skapningen. Lakselus og varierende mattilgang i havet er ei belastning for villaksen, men forvaltninga i elva er også heilt avgjerande og enklare å kontrollere. Stiftinga Norsk Villaksforvaltning meiner det handlar om å praktisere førevar-prinsippet og sette inn tiltak som sikrar nok gytefisk i elva uansett kor stor tilbakevandringa er. Erfaringane i Nausta viser at dette ikkje går ut over lakseturismen og interessa for elva. Tvert om set dei fleste laksefiskarar stor pris på offensiv og forsvarleg forvaltning.

I denne boka presenterer vi tre standardar for god lakseforvaltning. Vi trur det handlar om kvalitet i stell av elva og gyteplassane, vi trur det handlar om innføring av sesong- og døgnkvotar som alltid sikrar nok gytefisk, vi trur eit godt organisert samarbeid mellom grunneigarane er heilt avgjerande og ikkje minst meiner vi det handlar om kvalitet og servise i lakseturismen. Etter vårt syn vil bruk av kvalitetsstandardar i lakseforvaltninga auke verdiskapinga langs heile vassdraget. Nausta Elveeigarlag er godt i gang med å gjennomføre slike tiltak og trur dei kan doble laksemengda og inntektene frå laksen om dei lukkast.

Stiftinga Norsk Villaksforvaltning er til for villaksen. Vi samarbeider med og haustar kunnskap frå offentlege organ som har ansvar for villaksen. Men vi har også fått støtte frå kraftbransjen og oppdrettsnæringa som tek ansvar for skadane som er påført laksestammene. Vi trur samarbeid frå flest moglege sterke aktørar til beste for villaksen er vegen å gå. Ambisjonen vår er å vere eit praktisk retta kompetansesenter for elveeigarlag, grunneigarar og andre med interesse for villaksen. Dette er første utgåve av handboka. Planen vår er å vidareutvikle den etter kvart som vi haustar erfaring frå andre elvar og andre elveeigarlag som tek boka i bruk.

Vi vil rette ei stor takk til alle som har stilt opp i reportasjar i boka. Vi vil også nytte sjansen til å takke fiskarar, elveeigarar og faginstansar som har delt erfaringar og kunnskap med Stiftinga Norsk Villaksforvaltning. Handboka er ei takk tilbake og eit ynskje om vidare samarbeid til beste for den verdifulle villaksen.

Førde 28. april 2014

Jan H. Gunnarsen

Prosjektleder for boka og nestleder i styret for SNVF